Quality Hotel Residence, Sandnes

7. november 2013

PROGRAM

- 10:00 **Velkommen**
Ivar Finnesand – leder av arbeidsutvalget
- 10:05 **Tilsyn – fylkesmannens rolle, samordning og utfordringer**
Grete Flåten, seniorrådgiver/tilsynskoordinator- Fylkesmannen i Rogaland
- 10:30 Pause
- 10:45 **Samfunnssikkerhet og beredskap – kommunenes ansvar**
*Reidar Johnsen fylkesberedskapssjef og Grete Flåten,
seniorrådgiver/tilsynskoordinator - Fylkesmannen i Rogaland*
- 11:30 Pause
- 11:45 **Høringer**
Wencke S. Olsen, daglig leder Rogaland Kontrollutvalgssekretariat
- 12:20 **Årsmøte 2013** – Forum for kontrollutvalg i Rogaland
- 12:30 **Lunsj**
- 13:30 **NAV i kommunene - samhandling, styring, ansvar og oppgaver**
Erik Baust, NAV leder Sauda
- 14:15 Pause
- 14:30 **Rogaland – et korrupsjonsparadis?**
Pål Jæger-Pedersen, advokat PwC og Knut Erik Friis, partner PwC
- 15:15 **Avslutning**

Pris **kr 900.-** pr. person

Påmelding innen **23. oktober** ved å sende e-post til mette.jensen.moen@rogfk.no med navn, verv/funksjon, kommune/firma og mailadresse. Du kan også melde deg på ved å ringe tlf. 51 51 69 85 / 97 09 03 18. Kontrollutvalgsmedlemmer som oppgir mailadresse vil få årsmøtesakene tilsendt via e-post før konferansen.

VELKOMMEN!

For forum for kontrollutvalg i Rogaland
Kontroll- og kvalitetsutvalgets sekretariat,
Rogaland fylkeskommune

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	02.10.13	13/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

OPPFØLGING AV ÅRSOPPGJERSBREV FOR REKNESKAPEN 2012

Vedlegg: Årsoppgjersbrev – brev nr. 1, 2012 – frå KPMG
Tilbakemelding på revisjonsbrev 1-2012 – frå administrasjonen

Bakgrunn:

Ifølgje Kontrollutvalgsforskriften § 8 skal kontrollutvalet sjå til at revisor sine merknader i forhold til rekneskapen (årsoppgjersbrev) vert fylgt opp.

I vedtak frå kontrollutvalet sitt møte 15.05.13 i sak 08/13 heiter det mellom anna:

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadane i årsoppgjersbrevet er følgd opp.

Saksorientering:

Vindafjord kommune har i brev av 30.08.13 svara på utvalet sitt vedtak (sjå vedlegg).

I brevet går det fram at rådmannen i all hovudsak har etterkome revisor sine merknader. Det blir påpeika at fysisk sperre i nettbank ikkje er mogleg pr. i dag, men rådmannen meiner at tryggleiken er godt nok ivaretatt med dagens etablerte rutinar. Vidare vil økonomisjefen arbeide vidare saman med revisjonen for at samanhengen mellom ulike skjema i årsrekneskapen for 2013 blir framstilt på ein meir forståeleg måte.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Vindafjord tek rådmannen si tilbakemelding på oppfølging av revisor sine merknader i årsrekneskapen for 2012 til orientering.

Aksdal, 25.09.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Lagt fram i møte 15/5-13

NEDLEGG SAK 13/13



KPMG AS
Karmsundgata 72
N-5529 Haugesund

Telephone +47 04063
Fax +47 52 70 37 70
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Vindafjord kommune
Ove Eidsheim
Rådhuset
5580 ØLEN

Dykkar ref

Vår ref TK

11. mai 2013

Vindafjord kommune - brev nr. 1 - 2012

Vi har nå revidert eit årsoppgjør for Vindafjord kommune og ønskjer i den anledning å gje våre innspel og kommentarar til leiinga i selskapet ved revisjonen for 2012.

Formålet med revisjon er å uttale oss om rekneskapen på grunnlag av det revisjonsarbeidet vi har utført. Vi har testa utvalde deler av kommunens rutinar. Desse testane må ikkje oppfattast som testar for å avdekke feil eller uregelmessigheter som er uvesentlige for rekneskapen. Av denne grunn kan mislegheter på grunnlag av svakheiter i rekneskapssystem og den interne kontrollen skje utan at våre testar likevel avdekker desse.

Vi har ved vår revisjon ikkje registrert forhold som vi meiner er av ein så vesentleg karakter at dei umiddelbart treng ei oppfølging frå leiinga i kommunen. Vi har likevel sett områder der kommunen bør vurdere å endre sine rutinar. Dei forholda er oppsummert nedanfor.

Avstemming av fagsystem og bokføring i hovudbok

Ved vår gjennomgang av delar av kommunes rutinar rundt registrering av ordre, fakturering og bokføring i hovudbok viser det seg at fleire av rutinane ikkje har ein overordna rutine samla i eit økonomireglement.

Risikoen ved manuelle system og at man ikkje har et overordna økonomireglement gjer at kommunen blir svært avhengig av nøkkelpersonar.

Vi vil anbefale kommunen å automatisere sine rutinar og utarbeide eit overordna økonomireglement.

Offices in

Oslo	Haugesund	Sandnessjøen
Ålesund	Kjevik	Stavanger
Arvidal	Kristiansund	Stord
Bergen	Larvik	Strømmen
Bodo	Mo i Rana	Tromsø
Elvrum	Mo i Rana	Trondheim
Finnset	Narvik	Tvedestrand
Grimstad	Bæres	Åsland
Hamar	Sandefjord	

KPMG AS, a Norwegian member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsskattedirektoratet revisorer - medlemmer av Den norske Revisorsforening

Rutinar for betaling frå kommunen bankkonti

Rutinen rundt remittering og utbetaling er at same person som legg til rette for betaling ikkje utfører betalinga frå kommunes bankkonto. Uavhengig av korleis rutinane utføres i dag er det ikkje lagt sperre slik at ein transaksjon stoppes om same person legg til rette og utfører ei betaling. Alle ved økonomiavdelinga har rett til å foreta utbetaling frå kommunens driftskonti.

Manglande arbeidsdeling vil alltid innebære ein risiko for uautoriserte transaksjonar. Sjølv om selskapet har ein liten administrasjon bør ein ha en klar arbeidsdeling rundt innregistrering og betaling frå bank og leggje inn sperre i systemet for å hindre at ein person kan utføre fleire transaksjonar.

Vi anbefaler at kommunen endrar sin rutine slik at den som legg til rette for betaling og bokfører treng godkjenning frå ein person til ved utbetaling frå kommunens driftskonti.

Økonomisystemet – administratorrett

Økonomisjef Ove Eidsheim og økonomikonsulent Svanhild Andreassen har administratorrett til fleire applikasjonssystem mellom anna Faktura, Fakturering, HRM, økonomi og skanning. Økonomisjef og økonomikonsulent kan registrere inn bilag, bokføre bilag, leggje til rette grunnlag og betale frå kommunens bankkonto. Etter implementering av systemet for to år sidan er det ikkje teke ein ny gjennomgang av registrerte rettar i systemet.

Personar med administratorrett har store fullmakter og utgjør en risiko ved kontrollmiljøet. Personar med administratorrett bør delas på ulike ansvarsområder. Ein bør vurdere å settes inn arbeidsdeling til dømes mellom innregistrering/fakturering og avstemming/utbetaling. Der fleire treng administratorrett bør ein redusere retten slik at personane ikkje kan leggje til rette grunnlag og godkjenne utbetaling frå bank åleine.

Vi vil anbefale at kommunen går igjennom administratorrett i økonomisystemet og om en har lagt til rette for ei god arbeidsdeling. Dei som tilrettelegg grunnlag for betaling eller godkjenn utbetaling frå bank bør om mogeleg ikkje ha administratorrett i økonomisystemet.

Rekneskapskjema 1A og fordelt til drift

Kommunen synes ved årsavslutninga for 2012 til fordeling drift med kr 418 334 379,50. Ved rapportering av driftsbudsjettet er sum rammer spesifisert på ansvarsområde kr 441 650 231,38. Rapporteringa inneheld mellom anna finanspostar og interne finansieringstransaksjonar. Korrekt beløp til fordeling drift skal vere kr 414 527 673,21 i rekneskapskjema 1A.

Formålet med til fordeling drift frå skjema 1A og fordelt til drift er at ein kan samanlikne budsjettavvik på det nivået som kommunestyret har vedteke budsjettet.

Vi vil oppmode kommunen om å gjere dei naudsynte budsjettendringar i budsjett for 2013 for å rapportere fordelt til drift avstemt mot rekneskapsskjema 1A ved neste årsavslutning.

Budsjettering av investeringar

Rekneskapsskjema 2A viser budsjetterte investeringar i anleggsmidlar på 55,74 MNOK. Rekneskap for 2012 viser at det blei investert 40,43 MNOK. Budsjetter for inneverande periode blir ikkje justert for prosjekt som er overført frå 2011 til 2012.

Departementet har i sitt rundskriv av 7. april 2010 omtala budsjettering og rekneskapsføring av investeringar. Dei viser mellom anna viser til at investeringsregnskapet er for eit år og at årsbudsjett er bindande for kommunen. Investeringsbudsjett må reguleras ved skrivet omtalar et generelt krav om balanse og eit krav til realisme i kommunen si budsjettering.

Vi vil anbefale at kommunen etablerer ein rutine som overfører til årets budsjett dei prosjekt ein ikkje starte opp i fjor. Budsjetterte prosjekt inneverande periode bør overføres til neste årsbudsjett. Kommunens årsbudsjett vil på denne måten vise ein meir realistisk aktivitet.

Bokføring av skuldige offentlege avgifter - T6 for 2012

Vi har merka oss at kommunen har ved avslutninga av har bokført skuldig forskotstrekk og arbeidsgjevaravgift for 6. termin 2012 på til saman kr 21 076 939 som betalt i årsrekneskapen. Balansepostane kasse, bank og postgiroinnskott på 123 735 893 og anna kortsiktig gjeld på 92 689 803 er bokført med tilsvarande lågare verdi

Utan at dette etter vår oppfatning utgjer ein vesentleg feil i årets rekneskap oppmodar vi administrasjonen til å endre sine prinsipp for periodisering for seinare periodar.

Vi takker for eit godt samarbeidet med administrasjonen i kommunen. Kommunen plikter etter bokføringslovas § 13 å oppbevare dei nummererte breva frå revisor på linje med anna regnskapsmateriale.

Om det er spørsmål eller kommentarer til forholda vi tek opp ber vi dykk kontakte oss.

Vennleg helsing
KPMG AS



Willy Hauge
Partner
Statsautorisert revisor



Trond Kampen
Manager
Registrert revisor

c: Vindafjord KU



VINDAFJORD KOMMUNE

Haugaland
Kontrollutvalgsekretariat IKS

Mottatt dato: 06.09.13
Journalført: 13/283/ogh
Arkivkode: 2/2

Haugaland kontrollutvalgsekretariat IKS

Økonomiavdelinga

Saksh: Ove Eidsheim

Tlf: 53 65 65 02

Dato : 30.08.2013

Vår ref: 13/13396

Dykkar ref:

Arkiv: K1-

TILBAKEMELDING PÅ REVISJONSBREV 1-2012

Me viser til vedtak i Vindafjord kontrollutval sitt møte den 15. mai 2013, sak 08/13. Rådmannen blir bedt om å gi tilbakemelding på revisjonsbrev 1-2012 frå KPMG AS, datert 11. mai 2013, vedrørende Vindafjord kommune sitt rekneskap for 2012.

Rådmannen gir følgjande tilbakemelding på brevet:

Avstemming av fagsystem og bokføring i hovudbok:

I dette punktet blir det etterspurt eit overordna økonomireglement, og gitt anbefaling om å utarbeide eit slikt. Det stemmer at kommunen ikkje har dette i dokumentform. Kommunen nyttar eit digitalt kvalitetssystem med avvikshandtering (RISK). Dette vart tatt i bruk for eit par år sidan. I dette systemet har ein bygd opp rutinebeskrivelsar, og samla dokumentasjon som naturleg høyrer heime i eit økonomireglement. Det er dette systemet kommunen ønskjer å bygge vidare på.

Rutinar for betaling frå kommunen sine bankkonti:

I dette punktet blir det etterspurt eit system som sikrar at minst to personar er involvert i remittering og utbetaling frå kommunen sine konti. Kommunen har etablert slike rutinar i dag, i tråd med anbefaling frå revisjonen. Når det gjeld fysisk sperre i nettbank, er dette ikkje mogeleg pr i dag. Me meiner at etablert rutine er tilstrekkeleg for å ivareta tryggleiken rundt dette. All remittering og utbetaling blir signert og arkivert, og er såleis mogeleg å etterspore.

Økonomisystemet – administratorrett:

I dette punktet blir det etterspurt ein gjennomgang av administratorrettar i ulike applikasjonssystem, då desse synes å vere noko vide. Økonomiavdelinga har gjennomgått desse rettane, og innskrenka dei for heile organisasjonen. Alle fakturaer som blir betalt via økonomisystemet må handsamast av minst to personar, viss ikkje blir dei stoppa i systemet. Dette, saman med rutine for utbetaling direkte via nettbank, meiner me ivaretar sikkerheten for feil-utbetalingar og muligheten for misbruk.

Rekneskapsskjema 1A og fordelt til drift:

I dette punktet peikar ein på uklar samanheng mellom ulike skjema i årsrekneskapen. Økonomisjefen har gjennomgått dette med revisjonen, og gjort greie for samhengane her. Ved årsavslutninga for 2013 vil ein forsøkje å framstille dette på ein meir forståeleg måte.

Budsjettering av investeringar:

I dette punktet blir det etterspurt rutine for overføring av budsjettsummar på investeringsprosjekt frå eit år til det neste, dersom dei ikkje er utførte eller fullførte. Denne

rutinen er ikkje på plass, men ein har målsetting om etablere slik rutine innan årsavslutninga for 2013.

Bokføring av skuldige offentlege avgifter – T6 for 2012:

Her peikar ein på eit beløp som er periodisert feil i rekneskapen for 2012. Beløpet er bokført som betalt i 2012, medan det skulle vore balanseført som kortsiktig gjeld pr 31.12.12. Dette har ingen praktisk betydning, men er ikkje i tråd med gjeldande regelverk. Dette er ein feil som er gjort ved økonomiavdelinga, og som ikkje kjem til å gjenta seg.

Med helsing

Ove Eidsheim
Økonomisjef

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	02.10.13	14/13
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2013

Vedlegg: Revisor si egenerklæring

Saksorientering:

Kommunelova § 79 og forskrift om revisjon (revisjonsforskriftene) kap. 6 (§§ 13 – 15) slår fast at oppdragsansvarleg revisor for kommunar skal være uavhengig til den reviderte verksemd.

Forskriftene slår også fast at oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet. Ifølgje kommunelova § 79 skal den som foretar revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ein slik tilknytning til kommunen at den kan svekke revisor si sjølvstende og objektivitet. I tillegg seier forskriftene §§ 13 og 14 noe om dei krav som vert stilt for at revisor skal være uavhengig, og dei begrensninger som gjeld for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Vurdering:


I følgje revisjonsforskriftene § 15 skal oppdragsansvarleg revisor årleg, og elles ved behov, gje ein skriftleg egenerklæring av si sjølvstende til kontrollutvalet. Krav til sjølvstende og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som pliktar å leggje fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Sekretariatet har motteke vedlagde fråsegn, der revisor gjer greie for si sjølvstende overfor kommunen i samsvar med krava i kommunelova og i revisjonsforskriftene. Det går her fram at det ikkje ligg føre noe som tilseier at revisor ikkje er uavhengig i forhold til Vindafjord kommune. Fråsegna vert gitt på revisor sitt eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men takas til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tar den framlagde egenerklæring for 2013 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland – KPMG AS, til orientering.

Aksdal, 25.09.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær



Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 28.09.13
Journalført: 13/361/ogk
Arkivkode: 216

Vindafjord kommune

Egenvurdering av uavhengighet, jf forskrift om revisjon §15

Lovens og forskriftens krav til uavhengighet

I flg. Kommuneloven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i kommunen eller i virksomhet som kommunen deltar i
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, samboer, nære slektninger), som har slik tilknytning til revidert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller loven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:

5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges (dvs. kommunens) egne ledelses- og kontrolloppgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstoloven
8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt. 1: Ansettelsesforhold

Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.

Pkt. 2: Medlem i styrende organer

Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.

Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit

Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.

Pkt. 4: Nærstående

Undertegnede har ingen nærstående som har slik tilknytning til Vindafjord kommune at det kan svekke uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

Pkt. 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet

Undertegnede yter ikke rådgivnings- eller andre tjenester overfor Vindafjord kommune som er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet

Pkt. 6: Tjenester under Vindafjord kommunes egne ledelses- og kontrolloppgaver

Undertegnede yter ikke tjenester som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.

Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige


Undertegnede opptrer ikke som fullmektig for Vindafjord kommune.

Pkt. 8: Andre særegne forhold

Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til min uavhengighet og objektivitet.

Haugesund, 11.09.2013

KPMG AS



Roald Stakland

Statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	02.10.13	15/13
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

Ikkje offentleg - Offl. § 24

PLAN FOR REKNESKAPSREVISJON 2013**Vedlegg:** Revisjonsplan for Vindafjord kommune – Ikkje offentleg**Bakgrunn:**

Ifølge kommuneloven § 77, 4. ledd skal kontrollutvalet ”*påse at kommunens ... regnskaper blir revidert på betryggende måte*”. Tilsynet blir gjennomført bl.a. ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa dekker både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet. I denne omgang vil revisor presentere overordna revisjonsstrategi som viser korleis revisor planlegger årets revisjon.

Saksorientering:

I følge forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk, skal revisor årleg utarbeide ein plan for revisjon av rekneskapet.

Vedlagt følgjer KPMG sin revisjonsplan for Vindafjord kommune, som viser korleis revisor planlegg revisjon av rekneskapsåret 2013. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må utføre for å kunne bekrefte rekneskapet. Revisor vil også gje ein munnleg orientering til utvalet om hovudinnhaldet i arbeidet.

Opplysningar som kjem fram i møtet er unntatt offentlegheit i medhald av Offentleglova § 24.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vindafjord kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2013 til orientering

Aksdal, 25.09.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	02.10.13	16/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2014

Saksvedlegg: Budsjettframlegg - kontroll og tilsyn 2014

Saksutgreiing:

Ifølgje kontrollutvalsforskrifta § 18 går det fram at kontrollutvalet skal utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Dersom kommunestyret gjer endringar i kontrollutvalet sitt budsjettframlegg må sekretariatet få melding om dette.

Utvalet sine egne utgifter

Det vert lagt opp til 4 møter også i 2014. Budsjettert beløp inneheld møtegodtgjersle, tappt arbeidsforteneste, kurs/opplæring, kontingentar, m.v. Samla budsjett for utvalet sine egne utgifter er kr 94 000.

Kjøp av sekretariatstenester

Kontrollutvalet kjøper sekretariatstenester frå Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Betaling for sekretariatstenester har representantskapet satt til kr 164 000 i 2014.

Kjøp av revisjonstenester

Det er budsjettert med kr 412 000 til kjøp av revisjonstenester i 2014. Dette inneheld rekneskap- og forvaltningsrevisjon, samt selskapskontroll. Rekneskapsrevisjon utgjør 175000.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet fremjar forslag til budsjett for kontroll- og tilsyn i Vindafjord kommune for 2014 med ei totalramme på kr 670 000, som fordel seg slik:

Kontrollutvalet si eiga verksemd	Kr	94 000
Kjøp av sekretærtstenester	Kr	164 000
Kjøp av revisjonstenester	Kr	412 000

Aksdal, 25.09.13


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

VINDAFJORD KOMMUNE

KONTROLL OG TILSYN - BUDSJETT 2014

ART I KOSTRA	TEKST	UTVALET	SEKRETARIAT	REVISJON	BUDSJETT 2014	BUDSJETT 2013	Merk nader
10801	Leiar	25 000			25 000	24 000	1
10801	Godtgjersle medlemmene	14 000			14 000	12 000	1
10802	Tapt arbeidsforteneste	5 400			5 400	10 000	
10990	Arbeidsgivaravgift	6 000			6 000	5 500	
0	Lønsutgifter	50 400	-	-	50 400	51 500	
11151	Beverting	2 000			2 000	2 000	
11400	Annonsering	4 000			4 000	4 000	
11500	Kurs og opplæring	30 000			30 000	30 000	
11651	Telefon	700			700	-	
11601	Skyss og kostgodtgjersle	3 000			3 000	6 000	
11950	Medlemskap og kontingentar	3 900			3 900	3 500	
1	Andre utgifter	43 600	-	-	43 600	45 500	
13700	Kjøp frå private (KPMG AS)			412 000	412 000	400 000	2
13750	Kjøp frå HKS IKS		164 000		164 000	158 000	3
3	Kjøp av tenester	-	164 000	412 000	576 000	558 000	
	TOTALT	94 000	164 000	412 000	670 000	655 000	

Merknader:

1. Planlagt 4 møter i 2014
2. Omfattar rekneskap- og forvaltningsrevisjon, samt selskapskontroll, utan mva.
3. Omfattar sekretariatstenester for utvalet

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	02.10.13	17/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

FORSLAG TIL MØTEPLAN FOR 2014

Bakgrunn:

Med utgangspunkt i tidligere møtefrekvens (4 møter pr. år) er det sett opp forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2014. Møta vil som tidligere vara på onsdagar, kl. 15.00.

Saksorientering:

På møtet om våren behandlar alltid kontrollutvalet kommunens årsmelding og rekneskap. I følge forskriftene kan ikkje formannskapet gjera vedtak i denne saka før den er behandla i kontrollutvalet. Dato for dette møtet vil derfor alltid vera avhengig av når det er planlagt behandling av årsmelding og rekneskap i formannskapet. Dersom det blir endringar vil det i så fall bli gitt beskjed om dette så snart det er kjent.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Vindafjord vedtar følgjande møteplan for 2014:

MØTE	TIDSPUNKT
Onsdag 19. februar	Kl. 15.00
Onsdag 14. mai	Kl. 15.00
Onsdag 17. september	Kl. 15.00
Onsdag 12. november	Kl. 15.00

Aksdal, 25.09.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Oversiktskalender 2014 - Vindafjord KV

Januar 2014							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
1			1	2	3	4	5
2	6	7	8	9	10	11	12
3	13	14	15	16	17	18	19
4	20	21	22	23	24	25	26
5	27	28	29	30	31		
1 ● 8 ○ 16 ○ 24 ○ 30 ●							

Februar 2014							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
5						1	2
6	3	4	5	6	7	8	9
7	10	11	12	13	14	15	16
8	17	18	19	20	21	22	23
9	24	25	26	27	28		
6 ○ 15 ○ 22 ○							

Mars 2014							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
9						1	2
10	3	4	5	6	7	8	9
11	10	11	12	13	14	15	16
12	17	18	19	20	21	22	23
13	24	25	26	27	28	29	30
14	31						
1 ● 8 ○ 16 ○ 24 ○ 30 ●							

5-6/2
NKRF-
konferanse

April 2014							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
14			1	2	3	4	5
15	7	8	9	10	11	12	13
16	14	15	16	17	18	19	20
17	21	22	23	24	25	26	27
18	28	29	30				
7 ○ 15 ○ 22 ○ 29 ●							

Mai 2014							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
18				1	2	3	4
19	5	6	7	8	9	10	11
20	12	13	14	15	16	17	18
21	19	20	21	22	23	24	25
22	26	27	28	29	30	31	
7 ○ 14 ○ 21 ○ 28 ●							

Juni 2014							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
22							1
23	2	3	4	5	6	7	8
24	9	10	11	12	13	14	15
25	16	17	18	19	20	21	22
26	23	24	25	26	27	28	29
27	30						
5 ○ 13 ○ 19 ○ 27 ●							

3-4/6
FKF- konf
i Håugeså

Juli 2014							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
27			1	2	3	4	5
28	7	8	9	10	11	12	13
29	14	15	16	17	18	19	20
30	21	22	23	24	25	26	27
31	28	29	30	31			
5 ○ 12 ○ 19 ○ 27 ●							

August 2014							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
31					1	2	3
32	4	5	6	7	8	9	10
33	11	12	13	14	15	16	17
34	18	19	20	21	22	23	24
35	25	26	27	28	29	30	31
4 ○ 10 ○ 17 ○ 25 ●							

September 2014							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
36	1	2	3	4	5	6	7
37	8	9	10	11	12	13	14
38	15	16	17	18	19	20	21
39	22	23	24	25	26	27	28
40	29	30					
2 ○ 9 ○ 16 ○ 24 ●							

Oktober 2014							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
40			1	2	3	4	5
41	6	7	8	9	10	11	12
42	13	14	15	16	17	18	19
43	20	21	22	23	24	25	26
44	27	28	29	30	31		
1 ○ 8 ○ 15 ○ 23 ● 31 ○							

November 2014							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
44						1	2
45	3	4	5	6	7	8	9
46	10	11	12	13	14	15	16
47	17	18	19	20	21	22	23
48	24	25	26	27	28	29	30
6 ○ 14 ○ 22 ● 29 ○							

Desember 2014							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
49	1	2	3	4	5	6	7
50	8	9	10	11	12	13	14
51	15	16	17	18	19	20	21
52	22	23	24	25	26	27	28
1	29	30	31				
6 ○ 14 ○ 22 ● 28 ○							

- 1. jan Nyttårsdag
- 4. jan Perihel (Solnære)
- 21. jan Ingrid Alexandra, 10 år
- 6. feb Samefolkets dag
- 9. feb Morsdag
- 14. feb St. Valentines dag
- 21. feb Kong Harald, 77 år
- 2. mar Fastelavn
- 20. mar Vårjevndøgn
- 21. mar Offisielt vårjevndøgn
- 30. mar Sommertid start
- 13. apr Palmesøndag
- 17. apr Skjærtorsdag
- 18. apr Langfredag

- 20. apr 1. påskedag
- 21. apr 2. påskedag
- 1. mai Off. høgtidsdag
- 8. mai Frigjøringsdag 1945
- 17. mai Grunnlovsdag 1814
- 29. mai Kr. Himmelfartsdag
- 7. jun Unionsoppløsning 1905
- 8. jun 1. pinsedag
- 9. jun 2. pinsedag
- 21. jun Sommersolhverv
- 23. jun Jonsokaften
- 4. jul Dronning Sonja, 77 år
- 4. jul Aphel (Solfjerne)
- 20. jul Haakon, 41 år

- 29. jul Olsokdagen
- 19. aug Mette-Marit, 41 år
- 23. sep Høstjevndøgn
- 26. okt Sommertid slutt
- 31. okt Halloween
- 9. nov Farsdag
- 30. nov 1. søndag i advent
- 13. des Luciadagen
- 22. des Vintersolhverv
- 24. des Julaften
- 25. des 1. juledag
- 26. des 2. juledag
- 31. des Nyttårsaften